



Universitetet i Oslo er den eldste og høgst rangerte forskings- og utdanningsinstitusjonen i Noreg, med 28000 studentar og 7000 tilsette. Fagleg breidd og internasjonalt anerkjende forskingsmiljø gjer UiO til ein viktig samfunnsaktør.

Institutt for lingvistiske og nordiske studium (ILN) er eitt av sju institutt ved Det humanistiske fakultetet. Instituttet har omkring 160 tilsette som arbeider med forskning, undervisning og formidling. Fagområda våre omfattar lingvistik, nordisk litteratur, nordisk språk, keltiske studium, norrøn filologi og mellomalderstudium, retorikk og språklig kommunikasjon, norsk for internasjonale studentar og norsk som andrespråk. Instituttet kan tilby eit godt fagleg og sosialt miljø, med gode høve til kompetanseutvikling.

Institutt for lingvistiske og nordiske studium Stilling som doktorgradsstipendiat ved NFR-prosjektet Bokstavar mellom runer og manuskript

Ei stilling som stipendiat (SKO 1017) innanfor prosjektet Bokstavar mellom runer og manuskript (Between runes and manuscripts) er ledig ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium (ILN), Universitetet i Oslo.

Bokstavar mellom runer og manuskript er eit NFR-finansiert prosjekt som startar opp ved ILN i august 2017. Prosjektet skal kartleggje og forske på innskrifter skrivne med latinske bokstavar i norsk vikingtid og mellomalder. Forsking på eldre norsk tekst- og skrifthistorie har så langt fokusert på manuskript og runeinnskrifter, og lite har så langt blitt gjort med bokstavinnskriftene.

Prosjektet Bokstavar mellomruner og manuskript har hovudfokus på norske forhold og innskrifter, men har sideblikk til relevante område, særleg resten av Norden og Dei britiske øyane. Den som blir tilsett, skal vere med å byggje opp ein database for innskriftene ved å samle inn og registrere innskrifter, i tillegg til å forske på eit spesifikt innskriftsmateriale. Forskinga skal leie fram til ei ph.d-avhandling og bør fokusere på eitt eller fleire av dei måla som prosjektet har sett opp (sjå [nettside]). Starten på ph.d.-perioden er planlagt til 1. oktober 2017.

Prosjektgruppa er del av eit levande og produktivt forskarmiljø for runologi og norrøn og keltisk filologi ved ILN.

Prosjektleiaren skal i prosjektperioden arrangere tre seminar ved University of Nottingham, og det er forventa at stipendiaten tek del i dette. Det er òg forventa at stipendiaten har opphald eit semester ved eit anna universitet (eller tilsvarande) som har relevans for avhandlingsarbeidet. Kandidatar som har gode og dokumenterte kunnskapar innanfor norrønt og/eller latin, epigrafikk (innskrifter med runer og/eller latinske bokstavar), eller har særskild kunnskap om ei relevant materialgruppe, vil bli føretrekte.

Søkjjarar blir oppmoda til å ta kontakt med prosjektleiaren (Elise Kleivane) i samband med utarbeiding av ph.d.-prosjekta.

Den som blir tilsett, vil bli knytt til den organiserte forskarutdanninga ved fakultetet (Humanistisk fakultet). Det vitenskaplege arbeidet skal munne ut i ei doktoravhandling som skal forsvarast ved fakultetet med tanke på å oppnå graden ph.d. Den som blir tilsett, er forventa å gå inn i eit forskingsmiljø eller -nettverk og bidra til fagleg utvikling i miljøet. Sjå meir informasjon om [doktorgrad og forskarkarriere](#).

Tilsetjinga gjeld for ein periode på 3 år. Doktorgradsstipendiatar som leverer doktoravhandlinga til vurdering med skriftleg tilråding frå rettleiar innan 3 år eller 3 ½ år etter stipendperioden tok til, vil få tilbod om eit [gjennomføringsstipend](#) på høvesvis 12 eller 6 månader.

Kvalifikasjonskrav

- Mastergrad innanfor relevant fagområde (sjå ovanfor) eller tilsvarande utdanning.
- Avsluttande grad skal vere oppnådd ved søknadstidspunktet. Ein må vere personleg eigna og motivert for stillinga.

Ved vurdering av søknadene vil det bli lagt vekt på:

- den vitenskaplege kvaliteten på prosjektet, i tillegg til aktualitet og nyskaping.
- søkjaren sine faglege og personlege føresetnader for å gjennomføre prosjektet innanfor tidsramma.
- søkjaren sine føresetnader for å gjennomføre forskarutdanninga.
- gode samarbeidsegenskapar og evne til å gå inn i faglege fellesskapar på tvers av disiplinær.

Søklarar som nyleg har avlagt avsluttande eksamen med svært gode resultat, kan bli føretrekte.

Vi tilbyd:

- løn 432 700-489 300 NOK kr per år, avhengig av kompetanse.
- kompetanseutvikling i eit stimulerande akademisk miljø.
- [gode velferdsordningar](#).

Til informasjon skal desse dokumenta leggjast ved den elektroniske søknaden, helst i pdf-format:

- Søknadsbrev som beskriv søkjaren sine kvalifikasjonar og motivasjon for stillinga.
- Curriculum Vitae (med liste over utdanning, tilsetjingar, undervisningserfaring, administrativ erfaring og andre kvalifiserande aktivitetar, i tillegg til publiserte og upubliserte verk).
- Karakterutskrift for mastergrad. Søklarar med utdanning frå eit utanlandsk universitet blir bedne om å leggje ved ei rettleiing til karaktersystemet ved deira universitet.
- Prosjektbeskriving på 3–5 sider (sjå [mal for prosjektbeskriving](#)) inkludert framdriftsplan.

Ver venleg å merke at alle dokument må vere anten på eit skandinavisk språk eller på engelsk.

Diplom, vitnemål, masteroppgåver og liknande skal ikkje leggjast ved søknaden, men kan bli etterspurde seinare.

Det blir nytta intervju i tilsetjingsprosessen.

Vi viser til retningslinjer for [søknadsprosess](#) og [tilsetjing](#) i stipendiatstillingar.

Etter Offentleglova § 25, 2. ledd kan opplysningar om søkjaren bli offentleggjorde sjølv om søkjaren har bede om ikkje å bli ført opp på søkerlista.

UiO har ein [overtakingsavtale](#) for alle tilsette med formål å sikre rettane til forskingsresultat m.m.

UiO har eit personalpolitisk mål om å oppnå kjønnsbalanse blant sine tilsette og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn.

Fylke:

Oslo

Søknadsfrist:

21. april 2017

Referansenummer:

2017/2230

Heimeside:

<http://www.hf.uio.no/iln/>

Kontaktpersonar:

[Head of Administration Jan](#)

[Halvor Undlien](#)

tlf: +47 22 85 67 47

mob: +47 994 25 905
HR-Officer Hilde Kristine
Sletner (EasyCruit)
Project leader Elise
Kleivane
tlf: +47 22857115

UiO : Universitetet i Oslo



Besøksadresse
Problemveien 7
0313 OSLO

Postadresse
Postboks 1072
Blindern
0316 OSLO

Telefon
22 85 50 50
Faks
22 85 62 50